

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 25.01.2005
 Sakbehandlar: Anne May S. Sønstabø
 Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORT PR. 30. NOVEMBER 2004

Styresak 03/05

Styremøte 02.02. 2005

Bakgrunn

Økonomirapporten er utarbeidd med utgangspunkt i HF'a si rapportering til RHFet pr. november. Prognosen er basert på innrapportert resultat for heile året slik det såg ut pr. 15. desember 2004. Helseføretaka har i tillegg rapportert førebels resultat for fjoråret pr. 23. januar. Vi viser her til eigen presentasjon i styremøtet.

Kommentarar

1. Resultat for konsernet

Resultat i heile tusen	HITTIL PR. NOVEMBER						
	Faktisk resultat	Budsjett	Avvik mot budsjett	Meir avskrivningar	Resultat korr. for meiravskr.	Resultat i fjor	Avvik mot i fjor
	A	B	A-B	C	D=A+C	E	D-E
Helse Stavanger HF	-148,8	-159,2	10,4	68,0	-80,8	-74,8	-6,1
Helse Fonna HF	-95,7	-86,1	-9,6	51,0	-44,7	-71,8	27,1
Helse Bergen HF	-440,5	-430,6	-9,9	169,6	-270,9	-164,1	-106,8
Helse Førde HF	-76,7	-60,4	-16,2	44,9	-31,7	-73,1	41,4
Apoteka Vest HF	-0,2	0,7	-0,9		-0,2	3,7	-3,9
Kjøp av helsetenester	58,4	56,1	2,3		58,4	-15,6	74,0
Helse Vest RHF	-42,5	-55,8	13,3		-42,5	-40,2	-2,3
Sum føretaksgruppa	-746,0	-735,4	-10,6	333,5	-412,5	-435,9	23,4

Pr. 30. november hadde alle helseføretaka med unntak av Helse Stavanger HF negative avvik sett opp mot budsjett. Helse Fonna HF hadde eit negativt avvik på kr 9,6 mill, Helse Bergen HF hadde eit negativt avvik på kr 9,9 mill og Helse Førde hadde eit negativt avvik på kr 16,2 mill. Apoteka Vest hadde pr. november eit negativt avvik på 0,9 mill sett opp mot budsjett.

Helse Stavanger har eit positivt avvik pr. november på kr 10,4 mill. På kjøp av helsetenester er det òg eit mindre positivt avvik på 2,3 mill og Helse Vest administrasjon har eit positivt avvik på kr 13,3 mill.

Så tett opp mot årsoppgjeret er prognosen vel så relevant som perioderesultatet pr. november.

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i hele tusen	Året totalt				
	Prognose 2004	Budsjett 2004	Rekneskap 2003	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-202,1	-193,5	-238,8	-8,6	36,7
Helse Fonna HF	-97,3	-96,0	-128,3	-1,3	31,0
Helse Bergen HF	-483,3	-485,3	-437,3	2,0	-46,0
Helse Førde HF	-100,2	-101,6	-133,6	1,4	33,4
Apotekene vest HF	0	0	6,0	0,0	-6,0
Kjøp av helsetenester	61,2	61,2	57,6	0,0	61,2
Helse Vest RHF	-45,7	-61,2		15,5	-103,3
Sum føretaksgruppa	-867,4	-876,5	-874,4	9,0	7,0

I førre månadsrapport vart det gjort greie for omgrupperingsproposisjonen og konsekvensane av denne for det einskilde helseføretak. Helseføretaka har ikkje tatt desse tala inn verken rekneskapa eller budsjetta, men meirinntektene/-kostnadene er tatt med i prognosane. Ut frå prognosane ser vi at Helse Stavanger pr. november har med ei prognose som ligg 8,6 mill dårlegare enn budsjettet. I omgrupperingsproposisjonen var det lagt til grunn ei avkorting for Helse Stavanger på 22,9 mill som følgje av omorganisering av rehabilitering. Helse Stavanger har følgd same registreringspraksis for 2004. Ut frå at det vart ei avkortning for 2003 vil det ut frå forsiktighetsprinsippet vera mest korrekt å redusere inntekta òg i 2004 sjølv om resultatet av avrekninga her enno ikkje er klar. Dette er det tatt høgde for i prognosen. I og med at ISF-graden for 2004 er 40 % mot 60 % i 2003 er avsetninga for 2004 redusert til kr 15 mill.

Dei øvrige helseføretaka har rapportert inn prognosar med resultat som ligg om lag som budsjettet. I Helse Vest administrasjon ligg det an til eit mindreforbruk sett opp mot budsjett på kr 15,5 mill. Totalt gir dette eit prognostisert resultat for 2004 som er kr 9 mill betre enn budsjettet.

I tillegg til det som er lagt til grunn i helseføretaka sine prognosar vart det i revidert nasjonalbudsjett gitt eit tilleggsbeløp til Helse Vest RHF til dekning av auka el-avgit. Endringa gjeld for siste halvår og er på kr 11,3 mill. Beløpet vil verta tildelt HF'a på bakgrunn av forbruk av kilowattimar. Kompensasjonen for auka el-avgift er ikkje tatt med i helseføretaka sine prognosar og vil difor vere med og betre resultatet.

2. Verksemdene

2.1 Generelle kommentarar


I samband med omgrupperingsproposisjonen fekk Helse Vest RHF melding om at DRG-prisen for 2004 vart oppjustert med kr 460,-. ISF inntektene er i helseføretaka ikkje berekna ut frå den nye prisen, men det er tatt omsyn til ny pris ved utarbeidinga av prognosen.

2.2. Helse Stavanger HF

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2003		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	214 060	8,8 %	207 207	8,7 %	247 010	10,9 %	233 993	224 759	9 234
ISF	553 808	22,9 %	552 598	23,1 %	1 013 289	44,6 %	617 030	601 413	15 617
Rammetilskot	1 570 892	64,8 %	1 553 703	64,9 %	944 424	41,6 %	1 696 573	1 698 677	-2 104
Andre inntekter	83 687	3,5 %	79 990	3,3 %	66 493	2,9 %	91 246	88 171	3 075
Sum driftsinntekter	2 422 447	100,0 %	2 393 498	100,0 %	2 271 215	100,0 %	2 638 842	2 613 020	25 822
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	301 885	12,5 %	283 174	11,8 %	310 405	13,7 %	339 706	313 956	25 750
Løns- og personalkostnader	1 794 004	74,1 %	1 785 067	74,6 %	1 699 878	74,8 %	1 972 176	1 960 522	11 654
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	412 420	17,0 %	419 708	17,5 %	340 716	15,0 %	453 612	454 675	-1 063
Sum driftsutgifter	2 508 309	103,5 %	2 487 949	103,9 %	2 350 999	103,5 %	2 765 493	2 729 153	36 340
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-85 862	-3,5 %	-94 451	-3,9 %	-79 784	0	-126 651	-116 133	-10 518
Netto finans	-956		-2 760		5 034		-1 092	-3 011	1 919
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-86 818		-97 211		-74 750	0	-127 744	-119 144	-8 600
- Meiravskrivning	61 993		61 993				74 391	74 391	0
Resultat	-148 810	0	-159 203	0	-74 750	0	-202 135	-193 535	-8 600

Figuren under gir ei grafisk framstilling av utviklinga i resultatet sett opp mot budsjett og fjoråret.



Resultatet pr. november er i Helse Stavanger kr 10,4 mill betre enn budsjettet. På inntektssida er det eit positivt avvik på 1,2 %, medan det på kostnadssida er eit negativt avvik på 0,8 %. Årsaka til det positive avviket på inntektssida ligg både på polikliniske inntekter og ISF-inntektene. Poliklinikkinntektene er pr. november 3,3 % over budsjett, medan ISF inntektene ligg 0,2 % over. Det er på ISF inntektene ikkje inntektsført endringane som følgjer av omgrupperingsproposisjonen. Dette er det likevel tatt omsyn til i prognosen.

På kostnadssida er det eit negativt avvik på varekostnader på 6,6 %. Avviket skuldast m.a. utgifter til behandlingshjelpemiddel. I tillegg har psykiatrisk klinikk dels budsjettet innsparingane sine på varekostnader medan den reelle innsparinga skjer på personalkostnader. Løns- og personalkostnader har eit negativt avvik på 0,5 %. Brutttotal viser eit negativt avvik på løn på kr 15,2 mill som primært skuldast meirforbruk på overtid. På den andre sida har Helse Stavanger eit positivt avvik på pensjonskostnader på kr 6,3 mill. Andre driftskostnader har eit positivt avvik på 1,7 % som i hovudsak gjeld mindreforbruk på vedlikehald i tillegg til mindre avvik på telefoni, reisekostnader og konsulenttenester.

REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. november		% -vis endring fra 2003 til 2004
	2004	2003	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	214 060	247 010	-13,3 %
ISF	553 808	1 013 289	-45,3 %
Rammetilskot	1 570 892	944 424	66,3 %
Andre inntekter	83 687	66 493	25,9 %
Sum driftsinntekter	2 422 447	2 271 215	6,7 %
	Rekneskap	Rekneskap	
Varekostnader	301 885	310 405	-2,7 %
Løns- og personalkostnader	1 794 004	1 699 878	5,5 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	412 420	340 716	21,0 %
Sum driftsutgifter	2 508 309	2 350 999	6,7 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-85 862	-79 784	7,6 %
Netto finans	-956	5 034	-119,0 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-86 818	-74 750	16,1 %
- korreksjon avskrivningar	61 993		
Resultat	-148 810	-74 750	99,1 %

Samanlikning mot 2003 viser om lag same auke i driftsinntektene som i driftskostnadene (6,7 %). Løns- og personalkostnader aukar med 5,5 %. Ved tidligare månadsrapportar har noko av auken blitt forklart med endra prinsipp for føring av ferieuttak og manglande avsetning til pensjonskostnad i 2003. Dersom vi korrigerer for denne effekten slik den var pr. november (netto kr 30,8 mill) blir veksten på 3,7 %. Denne veksten er isolert sett ikkje så høg, men sett i lys av at det er gjort ei nedbemanning i Helse Stavanger blir den reelle lønsveksten høgare.

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap	Hittil i år		2003	Prognose	Heile året	
		Plan	Avvik			Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	37 403	37 918	-515	35 933	40 667	41 227	-560
Dagkirurgi/dagbeh.	24 465	21 653	2 812	20 868	26 535	23 485	3 050
DRG-poeng	46 984	46 805	180	44 323	50 654	50 939	-285
Pol. konsultasjonar	159 789	151 284	8 505	144 631	173 096	164 591	8 505
Psykatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	99 383	113 170	-13 787	103 795	108 843	123 458	-14 615
Opphaldsdagar, dagpasientar	24 507	18 706	5 802	25 399	26 753	20 406	6 347
Pol. konsultasjonar	52 759	64 167	-11 408	47 803	57 500	70 000	-12 500

Produksjonen i november var god. November er vanlegvis ein måned med høg produksjon, og dette er også tatt med i periodiseringa av plantala, men likevel er det produsert 6,6 % fleire DRG-poeng enn planlagt i november. Det er berre januar måned som har hatt høgare aktivitet i 2004. Også når det gjeld poliklinikk har aktiviteten vore svært høg på dei somatiske poliklinikkane, og på psykiatrisk klinikk var dei polikliniske inntektene i samsvar med eit relativt optimistisk inntektsbudsjett denne månaden. I sum stiller dette store krav til alle typar tenester ved sjukehuset, både behandling, pleie og medisinske støttetjenester. Samla sett for året fram t.o.m. november ligg DRG-produksjonen 180 DRG poeng over planen.

Helse Stavanger har innan DRG produksjon hittil i år hatt ein auke i høve til fjoråret på 6 %, medan veksten innan polikliniske konsultasjonar har vore 10,5 % innan somatikk og 10,4 % innan psykiatri.

2.3 Helse Fonna HF


Samandragsrapport pr.:

NOV 2004

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2003		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	97 700	7,0 %	94 037	6,7 %	111 917	8,4 %	106 500	103 121	3 379
ISF	289 233	20,6 %	302 113	21,4 %	567 635	42,6 %	319 288	327 759	-8 471
Rammetilskot	969 094	69,0 %	968 311	68,6 %	605 807	45,4 %	1 061 322	1 060 322	1 000
Andre inntekter	48 957	3,5 %	46 267	3,3 %	48 109	3,6 %	55 500	52 068	3 432
Sum driftsinntekter	1 404 984	100,0 %	1 410 728	100,0 %	1 333 468	100,0 %	1 542 610	1 543 270	-660
	Regnskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	148 633	10,6 %	142 018	10,1 %	159 083	11,9 %	162 050	155 493	6 557
Løns- og personalkostnader	1 037 969	73,9 %	1 039 363	73,7 %	1 040 148	78,0 %	1 135 065	1 138 966	-3 901
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	268 313	19,1 %	273 390	19,4 %	211 343	15,8 %	287 905	293 905	-6 000
Sum driftsutgifter	1 454 915	103,6 %	1 454 771	103,1 %	1 410 574	105,8 %	1 585 020	1 588 364	-3 344
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-49 931	-3,6 %	-44 043	-3,1 %	-77 106	-5,8 %	-42 410	-45 094	2 684
Netto finans	618		4 356		5 280		800	4 773	-3 973
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-49 313		-39 687		-71 826	0	-41 610	-40 321	-1 289
- Meiravskrivning	46 399		46 399				55 679	55 679	0
Resultat	-95 712	0	-86 086	0	-71 826	0	-97 289	-96 000	-1 289

Figuren under gir ei grafisk framstilling av utviklinga i resultatet for 2004 sett opp mot budsjett og resultatet for 2003.



Helse Fonna har eit negativt resultatavvik samanlikna med budsjett på kr 9,6 mill. På inntektssida er det eit negativt avvik på kr 5,7 mill (0,4 %). Heile dette negative avviket må knytast opp mot svikt i ISF inntektene som etter november har eit avvik på 4,3 % og er primært knytt opp mot kirurgi. Klinikken har utarbeidd arbeidsplanar for å nytta kapasiteten betre, noko som har gitt gode resultat både i oktober og november. Helse Fonna vil ikkje nå produksjonsmålet for året, men reknar med å halde produksjonen i tråd med planar også i desember. Poliklinikkinntektene er 3,9 % høgare enn berekna. Det er ei klar endring i produksjonsmønsteret med vekst i dagkirurgi og poliklinisk behandling.

Kostnadene er i balanse med budsjett. Andre driftskostnader har eit positivt avvik på kr 5,1 mill (1,9 %). Som omtala i tidlegare rapportar har Helse Fonna utsett ein del planlagde administrative prosjekt og ombyggings- og vedlikehaldsoppgåver. Inklusiv i avviket er det òg eit negativt avvik på kr 2,5 mill på transportkostnader. Løn har pr. november eit positivt avvik på kr 1,4 mill

%-vis endring frå 2003 til 2004

NOV 2004

REKNESKAPSDATA	Akkumulerte tal pr. november		% -vis endring fra 2003 til 2004
	2004	2003	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	97 700	111 917	-12,7 %
ISF	289 233	567 635	-49,0 %
Rammetilskot	969 094	605 807	60,0 %
Andre inntekter	48 957	48 109	1,8 %
Sum driftsinntekter	1 404 984	1 333 468	5,4 %
	Regnskap	Regnskap	
Varekostnader	148 633	159 083	-6,6 %
Løns- og personalkostnader	1 037 969	1 040 148	-0,2 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	268 313	211 343	27,0 %
Sum driftsutgifter	1 454 915	1 410 574	3,1 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-49 931	-77 106	-35,2 %
Netto finans	618	5 280	-88,3 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-49 313	-71 826	-31,3 %
- korreksjon avskrivningar	46 399		
Resultat	-95 712	-71 826	33,3 %

Helse Fonna har ei god utvikling der kostnadsveksten er mindre enn inntektsveksten. Sett i høve til 2003 er det ein auke på inntektssida på 5,4 % medan kostnadene aukar med 3,1 %. På løns- og personalkostnader er det ein nedgang i høve til 2003 på 0,2 %. Resultat ekskl. meiravskrivningar er pr. november 31,3 % betre enn på same tid i 2003.

PRODUKSJONSDATA

	Hittil				Heile året		
	Regnskap -04	Plan -04	Avvik	2003	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	22 130	22 771	-641	22 710	24 159	24 739	-580
Dagkirurgi/dagbeh.	11 151	10 848	303	10 057	12 110	11 743	367
DRG-poeng	24 549	25 643	-1 094	24 536	26 681	27 820	-1 139
Pol. konsultasjonar	84 495	78 522	5 973	79 322	91 050	84 785	6 265
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	73 467	80 242	-6 775	82 503	79 818	87 526	-7 708
Opphaldsdagar, dagpasientar	7 045	7 287	-242	7 476	7 750	7 980	-230
Pol. konsultasjonar	29 590	31 753	-2 163	30 942	32 100	34 520	-2 420

Helse Fonna har på somatikk ein underproduksjon på sjukehusopphald og DRG-poeng. Helse Fonna reknar ikkje med å kunne klare den planlagde produksjonen i 2004, men reknar likevel med at avviket ikkje vil auka i desember. Samstundes har ein på både dagbehandling og poliklinisk behandling innan somatikk betydelege positive avvik. Dette er i tråd med prioriteringar i Helse Fonna sin tiltakspakke. På psykiatri er talet på opphaldsdøgn 6 775 lågare enn det som ligg i planen, medan talet på polikliniske konsultasjonar ligg betydeleg høgare enn planlagt.

DRG produksjonen ligg i 2004 om lag på same nivå som i 2003 medan talet på polikliniske konsultasjonar innan somatikk har hatt ei vekst på 6,5 %.

2.4 Helse Bergen HF


Samandragsrapport pr.:

NOV 2004

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2003				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik		
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	373 508	8,8 %	366 613	8,7 %	419 269	10,1 %	408 600	398 947	9 653		
ISF	846 513	19,8 %	866 410	20,6 %	1 692 001	40,9 %	945 300	942 304	2 996		
Rammetilskot	2 841 276	66,6 %	2 816 340	66,9 %	1 908 712	46,1 %	3 122 640	3 081 529	41 111		
Andre inntekter	204 995	4,8 %	157 466	3,7 %	117 796	2,8 %	177 300	174 325	2 975		
Sum driftsinntekter	4 266 293	100 %	4 206 829	100,0 %	4 137 778	100 %	4 653 840	4 597 105	56 735		
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik		
Varekostnader	702 810	16,5 %	666 300	15,8 %	509 186	12,3 %	761 025	728 980	32 045		
Løns- og personalkostnader	3 096 192	72,6 %	3 059 029	72,7 %	3 074 476	74,3 %	3 355 940	3 358 010	-2 070		
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	744 477	17,5 %	749 655	17,8 %	730 747	17,7 %	825 084	801 421	23 663		
Sum driftsutgifter	4 543 478	106,5 %	4 474 984	106,4 %	4 314 410	104,3 %	4 942 049	4 888 411	53 638		
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-277 186	-6,5 %	-268 155	-6,4 %	-176 632	-4,3 %	-288 209	-291 306	3 097		
Netto finans	-9 109		-8 250		12 497		-10 100	-9 000	-1 100		
Ekstraordinære poster	0		0		0		0	0	0		
Resultat ekskl. meiravskrivning	-286 295		-276 405		-164 135	0	-298 309	-300 306	1 997		
- Meiravskrivning	154 167		154 167				185 000	185 000	0		
Resultat	-440 462	0	-430 571	0	-164 135	0	-483 309	-485 306	1 997		

Figuren under gir ei grafisk framstilling av utviklinga i resultatet for 2004 sett opp mot budsjett og resultatet for 2003.



Helse Bergen har eit resultatavvik pr. november på minus kr 9,9 mill. Driftsinntektene er 1,4 % høgare enn budsjettert, og kostnadene er 1,5 % høgare. På inntektssida er det poster som ikkje er budsjettert men som har ei tilsvarende kostnadsside. Desse inntektene utgjer pr. november kr 35,6 mill. Dersom vi ser bort frå desse inntektene skuldast avviket på inntektssida i hovudsak tilskot til behandlingshjelpemiddel som ikkje var budsjettert og tilskot til utanlandsbehandling der Helse Bergen administrerer ordninga for heile Helse Vest.

DRG-inntektene har eit negativt avvik på kr 19,9 mill. Avviket skuldast både at sjølve produksjonen ligg 2144 poeng under og at DRG indeksen er lågare enn budsjettert. Ein del av opphalda er imidlertid ikkje koda ferdig, og det er difor grunn til å tru at ein kan få ein liten auke i indeksen etter avslutning av siste tertial. Dei polikliniske inntektene har eit positivt avvik på 1,9 % (kr 6,9 mill) noko som reflekterer auka aktivitet ved fleire einingar.

På kostnadssida har Helse Bergen tilsvarende beløp som på inntektssida for ikkje budsjetterte aktivitetar. I tillegg til dette skuldast det negative avviket fleire forhold. Varekostnad medikament har eit negativt avvik på kr 13,1 mill og deler av dette skuldast kostnader til behandlingshjelpemiddel. I tillegg ligg det her inne kjøp av helsetenester som har negative avvik, m.a. kjøp frå Capio (kr 4,5 mill), utanlandsbehandling (kr 5,2 mill), innleige av fagpersonell innan psykiatri (kr 3,9 mill) og innleige av Transmedica ved ortopedisk klinikk i sommar (kr 5 mill). Lønskostnader har eit negativt avvik på kr 37,2 mill. Det meste av dette (kr 31 mill) skuldast ikkje-budsjettert aktivitet.

%-vis endring frå 2003 til 2004

NOV 2004

REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. november		%vis endring fra 2003 til 2004
	2004	2003	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	373 508	419 269	-10,9 %
ISF	846 513	1 692 001	-50,0 %
Rammetilskot	2 841 276	1 908 712	48,9 %
Andre inntekter	204 995	117 796	74,0 %
Sum driftsinntekter	4 266 293	4 137 778	3,1 %
	Rekneskap	Rekneskap	
Varekostnader	702 810	619 586	13,4 %
Løns- og personalkostnader	3 096 192	2 964 076	4,5 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	744 477	730 747	1,9 %
Sum driftsutgifter	4 543 478	4 314 410	5,3 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-277 186	-176 632	56,9 %
Netto finans	-9 109	12 497	
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-286 295	-164 135	74,4 %
- korreksjon avskrivningar	154 167		
Resultat	-440 462	-164 135	168,4 %

Samanlikna med 2003 veks inntektene i Helse Bergen med 3,1 % i 2003 medan kostnadene veks med 5,3 %. Varekostnader har ein auke på 13,4 % der størstedelen av auken skuldast pasienttransport på kr 53 mill, kr 10 mill skuldast prisauke, behandlingshjelpemiddel kr 7 mill og utanlandsbehandling kr 7,5 mill Resultatet pr. november i 2004 er 25,6 % dårlegare enn resultatet pr. november året før. Lønskostnadene veks med 4,5 % sett i høve til 2003. Effektane av reduksjon av årsverk i Helse Bergen er lagt inn med effekt i siste kvartal for 2004.

	Rekneskap -04	Hittil Plan -04	Avvik	R 2003	Prognose	Heile året Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	57 675	57 174	501	56 218	62 952	62 690	262
Dagkirurgi/dagbeh.	30 970	33 249	-2 279	29 960	33 542	34 890	-1 348
DRG-poeng	71 389	73 540	-2 151	71 867	77 885	79 793	-1 908
Pol. konsultasjonar	248 421	242 161	6 260	235 901	271 005	247 502	23 503
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	126 032	126 192	-160	131 018	137 094	137 950	-856
Opphaldsdagar, dagpasientar	11 485	11 607	-122	10 817	12 100	12 700	-600
Pol. konsultasjonar	46 906	50 653	-3 747	43 469	51 410	55 199	-3 789

Pr. november er det eit totalt negativt avvik på produksjonen på 2151 DRG poeng. Avviket skuldast både lågare DRG-indeks for døgnopphald og at aktiviteten ikkje er så høg som forventa. Helse Bergen har ikkje fått ei endeleg forklaring på årsaka til nedgang i indeks, men generelt kan dette tyde på ei vridning frå relativt tunge døgnbehandlingar til dagbehandling samt færre komplikasjonar. Aktiviteten målt i sjukehusopphald er lågare enn budsjettert men høgare enn i fjor.

Talet på opphaldsdøgn innan vaksenpsykiatri ligg pr. utgangen av november 2,5 % under budsjettert medan talet på opphaldsdøgn for barn og ungdom ligg ca. 3 % under budsjettert grunna driftsforstyrring på BUPA. Pr. november er talet på dagopphald i samsvar med budsjett innan vaksenpsykiatrien medan dagopphald innan barnepsykiatri er redusert dei 4 siste månadane. Her ligg ein 3 % under budsjett. I barne- og ungdomspsykiatrien var den polikliniske aktiviteten i november langt høgare enn planlagt med ein meiraktivitet på 11,5 % sett opp mot budsjett. I vaksenpsykiatrien har det òg vore ein auke i aktiviteten dei siste månadane, men framleis ligg ein 17 % under planlagt aktivitet.


Samanlikna med 2003 er det ein marginal nedgang i DRG-produksjonen (0,6 %) medan volumet på dagkirurgi har auka med 3,4 %.

2.5 Helse Førde HF

Samandragsrapport pr.: NOV 2004

REGNSKAPSDATA									
	Hittil i år				2003		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	85 011	7,1 %	75 281	6,3 %	95 980	9,0 %	89 500	81 649	7 851
ISF	227 225	19,0 %	238 233	19,9 %	459 015	43,0 %	253 074	260 176	-7 102
Rammetilskot	842 667	70,4 %	841 245	70,3 %	474 371	44,4 %	917 878	917 878	0
Andre inntekter	42 487	3,5 %	41 403	3,5 %	39 243	3,7 %	54 666	45 123	9 543
Sum driftsinntekter	1 197 390	100,0 %	1 196 162	100,0 %	1 068 609	100,0 %	1 315 118	1 304 826	10 292
	Regnskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	240 011	20,0 %	212 898	17,8 %	183 330	17,2 %	261 500	244 122	17 378
Løns- og personalkostnader	799 361	66,8 %	800 748	66,9 %	764 329	71,5 %	892 630	896 530	-3 900
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	192 917	16,1 %	199 842	16,7 %	197 854	18,5 %	210 941	214 330	-3 389
Sum driftsutgifter	1 232 290	102,9 %	1 213 487	101,4 %	1 145 513	107,2 %	1 365 071	1 354 981	10 089
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-34 901	-2,9 %	-17 325	-1,4 %	-76 903	-7,2 %	-49 952	-50 155	203
Netto finans	-955		-2 292		3 822		-1 259	-2 500	1 241
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-35 856		-19 617		-73 081	0	-51 211	-52 655	1 444
- Meiravskrivning	40 800		40 800				48 959	48 959	0
Resultat	-76 655	0	-60 416	0	-73 081	0	-100 170	-101 615	1 444

Figuren under gir ei grafisk framstilling av utviklinga i resultatet for 2004 sett opp mot budsjett og resultatet for 2003.



Helse Førde har pr. november eit negativt avvik sett opp mot budsjett på kr 16,2 mill. Inntektene har eit marginalt positivt avvik mot budsjett på 0,1 %, medan kostnadene har eit avvik på 1,5 %. DRG produksjonen er fortsatt lågare enn budsjettert, og dette vert ytterlegare forsterka gjennom produksjonen i november. Det negative avviket er no på 4,6 %. Innan polikliniske inntekter er det derimot eit positivt avvik på 12,9 % som veg opp for den manglande DRG-produksjonen.

Varekostnadene er 12,7 % høgare enn budsjettert. Årsaka ligg først og fremst på sjuketransport og behandlingshjelpemidlar der avviket på sjuketransport utgjer kr 15 mill. I tillegg er det eit avvik på båtambulans på kr 6 mill. Det er òg eit avvik på medikament og medisinsk forbruksmateriell som skuldast at fleire pasientar er behandla på same tid som bruk av dyre medisinar til kronikarar vert tatt i bruk. Alle helseføretaka fekk i november melding om endeleg tildeling av midlar til sjuketransport. For Helse Førde utgjorde dette kr 15,2 mill. Desse midlane er det ikkje justert for i budsjettet, men det er tatt høgde for det i prognosen.

Lønskostnadene ligg pr. november omlag i balanse med budsjett. Helse Førde har tidlegare rapportert at innføring av turnusplanleggingssystem har gitt ein større positiv gevinst enn det som var lagt til grunn for budsjettet. Dette er med og veg opp for manglande økonomisk gevinst av omorganiseringa av Florø sjukehus som har tatt lengre tid enn føresett i budsjettet.

REGNSKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. november		%vis endring fra 2003 til 2004
	2004	2003	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	85 011	95 980	-11,4 %
ISF	227 225	459 015	-50,5 %
Rammetilskot	842 667	474 371	77,6 %
Andre inntekter	42 487	39 243	8,3 %
Sum driftsinntekter	1 197 390	1 068 609	12,1 %
	Regnskap	Regnskap	
Varekostnader	240 011	183 330	30,9 %
Løns- og personalkostnader	799 361	764 329	4,6 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	192 917	197 854	-2,5 %
Sum driftsutgifter	1 232 290	1 145 513	7,6 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-34 901	-76 903	-54,6 %
Netto finans	-955	3 822	-125,0 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-35 856	-73 081	-50,9 %
- korreksjon avskrivningar	40 800		
Resultat	-76 655	-73 081	4,9 %

I Helse Førde har driftsinntektene auka med 12,1 % sett i høve til same periode i fjor, medan driftskostnadene aukar med 7,6 %. Netto gir dette eit resultat ekskl. meiravskrivningar som er 49,1 % betre enn same tid i 2003. På inntektssida må vi likevel ta omsyn til at Helse Førde i 2004 har mottatt eit eingongs investeringstilskot til psykiatri som pr. november er inntektsført med kr 40,3 mill. Korrigert for dette er driftsinntektene 8,3 % høgare enn i 2003. Dette gir eit resultat ekskl. meiravskrivningar som er 2,2 % betre enn fjoråret.

PRODUKSJONSDATA

	Regnskap -04	Hittil		R '2003	Heile året		
		Plan -04	Avvik		Prognose	Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	18 575	19 156	-581	18 759	20 699	20 883	-184
Dagkirurgi/dagbeh.	6 352	5 648	704	5 530	6 942	6 120	822
DRG-poeng	19 173	20 225	-1 052	19 809	21 043	22 085	-1 042
Pol. konsultasjonar	90 680	82 216	8 464	85 233	94 829	89 382	5 447
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	28 971	21 720	7 251	23 133	29 010	29 010	0
Opphaldsdagar, dagpasientar	830	0	830	1 368	0	0	0
Pol. konsultasjonar	16 542	17 591	-1 049	17 189	24 041	24 041	0

DRG-produksjonen til Helse Førde ligg 1052 poeng etter planen. Førde sentralsjukehus ligg 4,1 % etter plan, Nordfjord sjukehus 6,9 % og Lærdal sjukehus ligg 4,5 % etter planen. I prognosen er avviket sett til 1042 på årsbasis. Aktiviteten knytt til polikliniske konsultasjonar er høg og over måltal hittil i år. Dette vert igjen vist gjennom positive budsjettavvik for inntekter på poliklinikk/lab.

Samanlikna med 2003 ligg DRG-produksjonen 3,2 % lågare medan dagkirurgien aukar med 14,9 %. Talet på polikliniske konsultasjonar innan somatikk har auka med 6,4 %. Innan psykiatri ser vi at talet på opphaldsdøgn har auka betydeleg frå 2003, 25,2 %, medan talet på polikliniske konsultasjonar ligg 3,8 % lågare enn 2003.

2.6 Apoteka Vest HF

Sammendragsrapport pr.: NOV 2004

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2003		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	384 419	100 %	395 387	100 %	359 966		423 354	430 854	-7 500
Varekostnader	308 728	80,3 %	315 051	79,7 %	281 809	78,3 %	339 420	343 420	-4 000
Løns- og personalkostnader	60 394	15,7 %	64 079	16,2 %	59 665	16,6 %	66 636	70 436	-3 800
Andre driftskostnader	15 842	4,1 %	16 220	4,1 %	15 443	4,3 %	17 698	17 698	0
Sum driftsutgifter	384 964	100,1 %	395 350	100,0 %	356 917	99,2 %	423 754	431 554	-7 800
Driftsresultat	-545		37		3 049		-400	-700	300
Netto finans	331		642		695		400	700	-300
Ekstraordinære poster	0		0		0		0	0	0
Resultat	-214		679		3 744		0	0	0

Apoteka Vest ligg pr. november kr 0,9 mill etter budsjett. Alle apoteka bortsett frå Stavanger har underskot så langt i år. I prognosen for heile året er det lagt til grunn ein lågare omsetning enn budsjettert men kostnadene er samstundes føresett redusert tilsvarande.

2.7 Kjøp av helsetenester

Sammendragsrapport pr.: NOV 2004

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og egenandeler)	606 552	0	606 552	565 500	0	565 500
ISF	2 309 241	2 283 211	26 030	2 491 773	2 491 773	0
Rammetilskudd	7 503 311	7 470 757	32 554	8 036 828	8 036 828	0
Andre inntekter	3 871	0	3 871	0	0	0
Sum driftsinntekter	10 422 975	9 753 968	669 007	11 094 101	10 528 601	565 500
Varekostnader	9 884 833	9 242 610	642 223	10 508 429	9 942 929	565 500
Lønn- og personalkostnader	1 732	1 342	390	1 476	1 476	0
Andre driftskostnader	478 018	453 930	24 088	522 999	522 999	0
Sum driftsutgifter	10 364 583	9 697 882	666 701	11 032 904	10 467 404	565 500
Driftsresultat	58 392	56 086	2 306	61 197	61 197	0
Netto finans	0	0	0	0	0	0
Ekstraordinære poster	0	0	0	0	0	0
Resultat	58 392	56 086	2 306	61 197	61 197	0

Kjøp av helsetenester har pr. november eit resultat som er kr 2,3 mill betre enn budsjettert. Vi viser til førre månadsrapport der det vart orientert om at det aller meste av reserven no er løyst opp.

Avvikka pr. november fordeler seg på følgjande poster:

Samanstilling av avvik

Sum avvik kjøp av helsetenester	-8 269 397
Avvik gjestepasientoppgjør	44 246 136
Avvik lab/røntgen	6 582 351
Driftstilskot legar	7 669 318
Periodisering (oppløysing av reserve)	-61 421 479
Doman og PTØ	6 609 403
Tilskot organsiasjonar	256 975
Konsulenttenester	403 953
Diverse	1 617 467
Sum	-2 305 273

Størstedelen av avviket på kjøp av helsetenester gjeld no avvik innan gjestepasientoppgjøret. Det vart i oktoberrapporteringa gjort greie for årsaka til dette. Samstundes er reserven i all hovudsak løyst opp. Dette veg opp for dei negative avvika både på gjestepasientoppgjør, lab/røntgen m.m. Meirforbruket på driftstilskot legar m.m. kjem frå takstoppgang og er kompensert gjennom revidert nasjonalbudsjett.

2.8 Helse Vest administrasjon

Samandragsrapport pr.: NOV 2004
REGNSKAPSDATA

	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	354	0	354	5 500	0	5 500
Varekostnader	859	0	859	0	0	0
Løns- og personalkostnader	19 050	20 680	-1 630	22 747	22 747	0
Andre driftskostnader	30 622	35 161	-4 539	34 500	38 450	-3 950
Sum driftsutgifter	50 531	55 841	-5 310	57 247	61 197	-3 950
Driftsresultat	-50 177	-55 841	5 664	-51 747	-61 197	9 450
Netto finans	7 678	0	7 678	6 000	0	6 000
Ekstraordinære postar	0	0	0	0	0	0
Resultat	-42 499	-55 841	13 342	-45 747	-61 197	15 450

Helse Vest administrasjon har eit positivt avvik på kr 13,3 mill pr. november. Det positive avviket heng først og fremst saman med vesentleg mindre kjøp av tenester enn budsjettert. Dette heng saman med at ein del av prosjekta som var budsjettert i 2004 enten er starta opp seinare enn det som var lagt til grunn i budsjetteringa eller at dei er utsett til 2005. Kjøpte tenester har pr. november eit akkumulert positivt avvik på kr 9,5 mill.

På lønnskostnader er det eit positivt avvik på ca. kr 2 mill som skuldast ubrukte midlar til regionalt og nasjonalt leiarprogram. Desse rekningane er i staden rekneskapsført under andre driftskostnader. Reisekostnadene er 22 % lågare enn budsjettert.

3. Likviditet

Grunna resultatutviklinga vil likviditeten forverre seg utover mot desember. Ved utgangen av november er den samla likviditeten minus kr 215 mill der kr 131 mill er bundne midlar og kr 346 mill er trekk på driftskreditt.

Tekst	NOV	DES
Sum likvide midlar	-215	-136
Herav skattetrekk	131	247
Frie midlar/overtrekk	-346	-383
Trekkrett	820	1100

Helse Vest har no fått innvilga kr 1,1 mrd i driftskreditt. I og med at driftsbudsjetta for 2005 enno ikkje er klare går heller ikkje likviditetsprognosen lenger enn til desember. Vi vil derfor kome tilbake til dette når budsjetta er klare.

4. Balanse og kontantstraum

Tabellen under viser resultat og balanse pr. 30/11-04 for kvart av føretaka. Balansen er konsolidert men det er grunn til å påpeike at det kan være uvisse knytt til presisjonen i konsolideringa, m.a. er tala for Vestlandsmat AS pr. 31/12-03. Elimineringa er ikkje komplett, men den tar opp i seg dei vesentlege transaksjonane.

Resultatregnskap pr. 30/11-2004

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apotekene	Helse Vest	Eliminering	Total
Sum driftsinntekter	2 422 448	1 404 983	4 266 293	1 197 390	384 419	10 423 328	-8 971 211	11 127 650
Varekostnad	301 885	148 634	702 810	239 194	308 728	9 885 692	-8 971 211	2 615 732
Lønn- og andre personalkostnader	1 794 004	1 037 968	3 096 192	799 361	60 406	20 782		6 808 713
Av- og nedskrivninger	180 424	144 342	412 212	109 884	1 201	2 269		850 332
Annen driftskostnad	293 989	170 370	486 431	124 651	14 629	506 369		1 596 439
Sum driftskostnader	2 570 302	1 501 314	4 697 645	1 273 090	384 964	10 415 112	-8 971 211	11 871 216
Driftsresultat	-147 854	-96 331	-431 352	-75 700	-545	8 216	0	-743 566
Netto finansposter	-956	619	-9 110	-955	331	7 677		-2 394
Resultat	-148 810	-95 712	-440 462	-76 655	-214	15 893	0	-745 960

Balanse pr. 30/11-2004

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	Helse Vest	Vestlands- mat AS	Eliminering	Total
Immatrielle egedelar	39 108	11 812	32 818	646		6 460			90 844
Varige driftsmiddel	2 533 488	2 034 278	5 599 388	1 605 032	6 857	2 612			11 781 655
Finansielle anleggsmiddel	46 584	27 278	73 930	15 018	33	11 262 793	239	-11 188 158	237 717
Sum anleggsmiddel	2 619 180	2 073 368	5 706 136	1 620 696	6 890	11 271 865	239	-11 188 158	12 110 216
Varer	12 570	30 667	10 511	12 047	23 569	0			89 364
Fordringer	136 164	37 807	186 216	37 461	43 559	141 540	11 415		594 162
Bankinnskott, kontantar og liknande	-62 384	55 273	-181 984	9 055	10 556	-74 498	7 161		-236 821
Sum omløpsmiddel	86 350	123 747	14 743	58 563	77 684	67 042	18 576	0	446 705
Sum egedelar	2 705 530	2 197 115	5 720 879	1 679 259	84 574	11 338 907	18 815	-11 188 158	12 556 921
Eigenkapital	2 274 593	1 883 769	4 920 087	1 466 256	21 806	10 199 335	7 757	-10 561 736	10 211 867
Opptent eigenkapital (resultat for året)	-148 810	-95 712	-440 462	-76 655	-214	15 893			-745 960
Langsiktig gjeld	205 338	116 440	283 148	65 413	12 053	729 516		-626 422	785 486
Kortsiktig gjeld	374 409	292 618	958 106	224 245	50 929	394 163	11 058		2 305 528
Sum eigenkapital og gjeld	2 705 530	2 197 115	5 720 879	1 679 259	84 574	11 338 907	18 815	-11 188 158	12 556 921

Med basis i balanse pr. 31/12-03 og balanse pr. 30/11-04 er det i tabellen under vist ein kontantstraumanalyse.

Kontantstraumanalyse

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	Helse Vest	Vestlands- mat AS	Total
Resultat for året	-148 810	-95 712	-440 462	-76 655	-214	15 893		-745 960
Ordinære avskrivningar	180 424	144 342	412 212	109 884	1 201	2 269		850 332
Endring i arbeidskapital	11 240	60 215	123 217	36 690	-8 872	-229 354		-6 864
Netto kontantstrøm frå operasjonell aktivitet	42 854	108 845	94 967	69 919	-7 885	-211 192	0	97 508
Netto kontantstraum finansielle anleggsmiddel	-1	-4 931	-14 096	8	-6	-209 265		-228 291
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	-95 957	-116 715	-344 785	-64 951	-3 176	-2 045		-627 629
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet	-2 079	-21 734	-139 318	-40 575	3 854	195 797		-4 055
Netto endring i kontantar og kontantekvivalente	-55 183	-34 535	-403 232	-35 599	-7 213	-226 705	0	-762 467
Kontantar og bankinnskot 01.01.2004	-7 201	89 808	221 248	44 654	17 769	152 207	7 161	525 646
Kontantar og bankinnskot 30.11.2004	-62 384	55 273	-181 984	9 055	10 556	-74 498	7 161	-236 821


I høve til det som er innrapportert i likviditetsrapporteringa vil kontantar og bankinnskot avvike grunna at bundne fondsmidlar, som er ein del av dei bokførte likvide midlane, ikkje er innrapportert under likvide midlar i likviditetsrapporten.

5. Sjukefråvær og månadsverk


Tala som blir presentert i grafen under baserer seg på innrapporterte månadsverkstal frå helseføretaka. I samband med arbeid som vert gjort i høve til lønnskube og gjennomgang av definisjonar på måndasverk er det forventa at kvaliteten på månadsverksrapporteringa vil betre seg utover året. I tillegg vil auka fokus på tala og bruk av tala kunne gje betre kvalitet. Rapporteringa slik den skjer i dag legg ikkje til rette for samanlikning på tvers av helseføretaka. Definisjonen på månadsverk som ligg til grunn for rapporteringa er som følgjer:


Fast tilsette
+Tilsette i engasjement
+Tilsette i bistillingar
+Ekstrahjelp og vikarar
+Innleigd helsepersonell
+Overtid
+Meirarbeid
-Tilsette i svangerskapspermisjon
= Sum månadsverk

Ut frå grafen under ser vi at Helse Bergen har hatt ei relativt stabil utvikling i talet på månadsverk. Frå januar til november er talet på månadsverk redusert med 138. Helse Stavanger har hatt ei meir ujamn utvikling. Utviklinga totalt frå januar til november viser ein nedgang i talet på månadsverk på 106. Frå Helse Stavanger si side er den ujamne utviklinga m.a. forklara med etterslep i innlevering og dermed innlegging av overtidslister. I tillegg er det ting som kan tyde på at reduksjonen i talet på tilsette har gitt auke i talet på timar innan variabel løn.




Helse Førde har dei siste månadene arbeidd systematisk med innregistreringa i lønssystemet for å kunne få ut gode nok tal. Spranget i talet på månadsverk frå august til september representerer difor ikkje ein reell auke i månadsverk, men er meir eit uttrykk for at det er gjort grep i registreringa.





Sjukefråværet har den siste månaden vist ein liten auke i alle helseføretaka med unntak av Helse Bergen der vi ser ein marginal nedgang. Den største veksten har Helse Førde som på tross av dette har eit sjukefråvær som ligg ein god del under dei øvrige helseføretaka.



Dersom vi samanliknar det akkumulerte sjukefråværet i helseføretaka pr. november med sjukefråværet pr. januar har samtlige ein god nedgang. Dette er ei god utvikling som vi håpar vil halde seg ut året.

Forslag til vedtak

Styret tar økonomirapport pr. 30. november til etterretning

Resultat

Månad: AKKUMULERT NOVEMBER 2004

	Helse stavanger HF		Helse Fonna HF		Helse Bergen HF		Helse Førde HF		Apotekene Vest HF		Helse Vest RHF		Helse Vest ADM.		Interne trans.		Konsern	
	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett
Poliklinikk (inkl. elgenbetaling)	214060	6853	97700	3663	373508	6895	85011	9730	0	0	606552	606552	0	0	-606552	-606552	770279	27141
ISF (DRG-inntekter)	553220	622	289199	-12914	846513	-19897	225886	-12347	0	0	2202942	-6965	0	0	-1914819	-325014	2202942	-376514
Gjestepasientar	588	588	34	34	0	0	1338	1338	0	0	106299	32995	0	0	0	0	108259	34955
Rammetilskot	1570892	17189	969094	783	2841276	24935	842667	1422	0	0	7503311	32554	0	0	-6223929	-44330	7503311	32554
Andre inntekter	83687	3697	48957	2690	204995	47530	42487	1083	384419	-10968	3871	3871	354	354	-225911	3256	542859	51513
SUM DRIFTSINNTEKTER	2422447	28949	1404984	-5744	4266293	59464	1197390	1227	384419	-10968	10422975	669007	354	354	-8971211	-972640	11127651	-230351
Varekostnad	301885	18711	148633	6615	702810	36510	240011	27113	308728	-6323	9884833	642223	859	859	-8971211	-972640	2616549	-246931
Personalkostnad	1794004	8937	1037969	-1394	3096192	37163	799361	-1387	60394	-3685	1732	390	19050	-1630	0	0	6808702	38395
Andre driftskostnader *)	406579	-7288	263379	-5077	729060	-5179	188800	-6924	15842	-378	478018	24088	30622	-4539	0	0	2112299	-5297
SUM KOSTNADER *)	2502468	20360	1449981	144	4528062	68494	1228173	18803	384964	-10386	10364583	666701	50531	-5310	-8971211	-972640	11537550	-213834
DRIFTSRESULTAT *)	-80021	8589	-44997	-5888	-261769	-9031	-30783	-17576	-545	-582	58392	2306	-50177	5664	0	0	-409900	-16517
NETTO FINANSRESULTAT *)	-956	1804	618	-3738	-9109	-859	-955	1337	331	-311	0	0	7678	7678	0	0	-2394	5910
EKSTRAORDINÆRE POSTER	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
RESULTAT *)	-80977	10393	-44379	-9626	-270878	-9890	-31739	-16239	-214	-893	58392	2306	-42499	13342	0	0	-412294	-10607
Meiravskriving	67833		51333		169583		44917										333667	0
RESULTAT	-148810	10393	-95712	-9626	-440462	-9890	-76655	-16239	-214	-893	58392	2306	-42499	13342	0	0	-745960	-10607